

SANDØY KOMMUNE


6487 HARØY



# Bevillingsgebyr og årleg kvantumsoppgåve for omsetning av alkoholhaldig drikk



## Omsetningsoppgåve



Alle bevillingshavarar skal kvart år betale eit bevillingsgebyr for å skjenke eller selje alkoholhaldig drikk. For å kunne oppretthalde retten til å skjenke eller selje alkoholhaldig drikk, er det eit vilkår at bevillingsgebyret er betalt.

### Innsendingsfristar – omsetningsoppgåver

Sandøy kommune sender eigne skjema for utfylling av omsetning til alle bevillingshavarar i kommunen innan 1. mars kvart år. I oppgåva skal ein gje opp **faktisk omsetning i liter for førre året, samt driftsperiode. For inneverande år skal ein gje opp forventta omsetning i liter.** Oppgåva skal underteiknast av bevillingshavar. Tala for faktisk omsetning skal attesterast av revisor. Oppgåva skal sendast Sandøy kommune innan 15. april.

### Avvik

Dersom faktisk omsett mengde syner meir enn 10% avvik i forhold til året før, skal dette grunngjevast særskilt på eige ark som skal leggjast ved omsetningsoppgåva.

### Endringar i bevillingssystemet for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk

Frå 1. juli 2005 vart regelverket si inndeling av alkoholhaldig drikk i typane øl, vin og brennevin endra til ei inndeling basert på alkoholinnhald, målt i volumprosent. Alkoholhaldig drikk med same alkoholstyrke skal likebehandlast, og alkoholhaldig drikk er inndelt i grupper etter alkoholinnhaldet.

Gruppe 1: Drikk som inneheld over 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol

Gruppe 2: Drikk som inneheld over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol


Gruppe 3: Drikk som inneheld mellom 22 og 60 volumprosent alkohol

Gebyra for sal og skjenking er knytt opp mot den nye gruppeinndelinga.

Frå 1. januar 2006 er gebyra auka. Nye satsar finn du på baksida av denne brosjyren.

## Krav om revisor

For å få gjennomført ei effektiv og korrekt avrekning av bevillingsgebyret, har Sandøy kommune bestemt at alle bevillingshavarar skal sende inn omsetningsoppgåver attestert av revisor.



Dersom revisor ikkje kan stadfeste omsetningsoppgåva, eller stadfeste oppgåva utan vesentlege atterhald, ber vi om å få framlagt revisor si grunngjeving.



## Forlenga frist

Dersom det ikkje er muleg å overhalde kommunen sine fristar fordi rekneskapen ikkje er ferdig revidert, har revisor høve til å søkje om utsetjing. Skriftleg søknad skal sendast innan 15. april.

## Inndraging

Manglande innsending av omsetningsoppgåva, unnlating av betaling av bevillingsgebyr eller stadfesting frå godkjent revisor, kan føre til inndraging av sals- eller skjenkeløyve.

## Opphøyr eller sal av verksemda

Ved eit eventuelt sal eller opphøyr av verksemda, skal det straks meldast frå til Sandøy kommune. Bevillingshavar vil då få tilsendt skjema for omsetningsoppgåve for utfylling av faktisk omsetning, som skal avreknast mot tidlegare innbetalt gebyr. Oppgåva skal underteiknast av bevillingshavar og stadfestast av revisor.



## Bevillingsgebyr – satsar som gjeld frå 1. januar 2006

Bevillingsgebyret utgjer pr. år minimum 1 200 kroner for sal og 3 500 for skjenking\*) Det er oppgitt mengde i tilsendt omsetningsoppgåve som dannar grunnlag for avrekninga. Gebyret vert rekna etter følgjande satsar:

<u>Daglegvarehandel</u>	<u>Satsar (kroner pr. liter)</u>
Alkoholhaldig drikk gruppe 1	0,17
<u>Skjenking</u>	
Alkoholhaldig drikk gruppe 1	0,34
Alkoholhaldig drikk gruppe 2	0,94
Alkoholhaldig drikk gruppe 3	3,07

Bevillingsmyndigheita kan i særlege tilfelle bestemme at gebyret skal setjast lavare.

## Faktura

Faktura for gebyret blir sendt til bevillingshavar når omsetningsoppgåva er mottatt og funne i orden. Det vert samstundes gjort ei avrekning for året før basert på dei kvantum revisor har stadfesta.

## Vil du vite meir?

Ynskjer du nærare informasjon er du velkommen til å kontakte oss på telefon, telefaks, e-post eller stikke innom.

Telefon           71 27 75 00  
Telefaks         71 27 75 01  
E-post            post@sandoy.kommune.no

BEFORE 6 BEERS



AFTER 6 BEERS

Viser elles til rundskriv IS-12/2005 frå Sosial- og helsedirektoratet.

